

Eivind Fykse  
Stranda 630  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/3820 - 14/11853

Saksbehandlar:  
Nina Bakanova  
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:  
02.06.2014

## Løyve til etablering av redskapshus/garasje gbnr 14/1 Ostereidet

### **Administrativt vedtak. Saknr: 096/14**

**Tiltakshavar:** Eivind Fykse  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-2

#### SAKSUTGREIING

##### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av redskapshus/garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 49 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) ca. 49 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.04.2014.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.04.2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato 24.04.2014

##### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin areal del er definert som LNF område.

##### Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Landbruk den 02.06.2014 som lyder at dette er ein mindre landbrukseigedom, som etter det ein kan sjå ikkje er i sjølvstendig drift i dag, men den dyrka jorda vert hausta og beita av naboar. Det er likevel nødvendig å ha utstyr på ein slik eigedom for å kunna vedlikehalda areala og vegar og dette utstyret treng ein stad der det kan lagrast under tak.

I følgje uttale er tiltaket naudsnyt for landbruk og krev ikkje dispensasjon.

##### Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.04.2014.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 29 meter.

Det er søkt om topp golv på kote i forhold til eksisterande gardsplass

#### Vatn og avløp (VA)

Ingen endring

#### Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endring

#### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 bokstav a vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av redskapshus/garasje på gbnr 1471 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan datert 24.04.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3820

## **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikke krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:*

1. *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

## **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode   | Skildring  | Tal | Sum     |
|--------|--|-----|---------|
| 10.3.1 | Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom < 70 kvm. |     | 6.200,- |
|        | Totalt gebyr å betala                                  |     | 6.200,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

## **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

## **Med helsing**

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Eivind Fykse

Stranda 630      5993

OSTEREIDET

